


Rapport skjøtsel 2014 for Vestgård slåttemark, Gjemnes kommune, Møre og Romsdal fylke.



Odd Høgset syns det gjekk for treigt med ljå og handemakt og henta motorslåmaskina si.....



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

Innleiing

I des. 2011 blei FNF kontakta av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM) om vi hadde interesse av å inngå ein skjøtselavtale om skjøtsel av ei slåttemark på Stokke, Vestgård i Gjemnes kommune (Lokal_ID BN00079405 i Naturbase). Dette då grunneigaren Dagny Stokke ønskja at nokon skjøtta slåttemarka etter at tidlegare brukarar ikkje lenger hadde moglegheit. FM hadde då først spurt Gjemnes kommune om dei hadde forslag til personar/lag som kunne ha interesse av ein slik skjøtsel, utan positivt resultat.

FNF gjekk ei runde blant sine organisasjonar og fann at det var teneleg at FNF Møre og Romsdal kunne stå som part i ein skjøtselsavtale med FM. Ein avtale på 10 år med grunneigar Dagny Stokke vart skreven 04.01.2012 og ein avtale på 10 år med FM vart skreven 05.01.2012.

Hovudinhaldet i denne avtalen er i samsvar med skjøtselplana for arealet og skisserar ein slått etter 10 juli, bakketørking av graset/hesjing og bortfrakting av høyet etterpå og at arealet ikkje skal gjødsla eller kalkast.

2014 var tredje sesongen vi skjøtta slåttemarka på Stokke, Vestgård. Denne rapporten er eit forsøk på å fortelje kva formålet er med skjøtselen på Stokke, kva som er utført av skjøtsel i 2014, kva dette kosta og kva ein ser for seg i åra framover av skjøtsel.

I 2014 blei det frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal løyvd kr 15 000 (frå kap 1420 post 82) til skjøtsel av Vestgård slåttemark. Midlane er knytt til gnr 55 bnr 12 i Gjemnes kommune. Midlane var betinga nytta til slått, utstyr og grøfting. I 2012 og 2013 blei det løyvd respektive kr 22 000 til hogst og slått og kr 18 000 til slått og grøfting.

Områdeskildring

Lokaliteten består av ei lita slåttemark på Vestgård (Stokke) i Gjemnes kommune. Slåttemarka er delvis flat og delvis slakt skrånande oppover mot syd mot skogen/fjellet. Lokaliteten grenser i nord mot vegen, vestover mot ei boligtomt og mot aust mot ein bekk (i bytet). Store delar av arealet på slåttemarka er prega av å vere under sterkt attgroing av lauvskog (bjørk, gråor, selje, hegg). Det er planta grantre mot aust og sypress mot naboen i vest. Vidare er det spreidd platanlønn samt hagebusker i lokaliteten.



Store deler av den flataste delen av arealet var blaut som ei myr. Dagny Stokke kunne fortelje at det området som var vått (med knappsiv/lyssiv) mot aust var brukt som jorduttak i ei årrekke. Utfrå grøftespadinga kan det sjå ut til at det er tilkøyrt nokre framande masser nokre stader, truleg til erstatning for svartjord som har vore henta. Samstundes kunne ho fortelje at det flate arealet var vått grunna at dei gamle steinsatte veitene var sundkøyrd av for tung reiskap (les traktor) i seinare år. Det går ein bekk på skrå mot aust ovanfor slåttemarka. Det flate arealet mot aust var tidlegare også brukt til frukttrehage, noko som også stemmer jfr flyfoto frå 1960. Av flyfoto 1960 kan det sjå ut som arealet nord for den tørre knausen med solblom på, også har vore nytta som potetåker.

Dagny Stokke seier vidare at det flate området er drenert med 3 tomms plastrør. Ved leiting etter desse har me ikkje funne meir enn ei av desse. Det er stor fare for at desse er fulltetta og ikkje fungerer lenger. Ved grøfting har me funne ein bergrygg på det flate partiet som høgst sannsynleg demmer opp arealet med vatn.

Deler av slåttemarka er tørrmark. Den botanisk mest verdsatte delen av slåtteenga ligger i sydaust på den lille tørre knausen (om lag 5x5 meter) kor solblom veks no. Dagny Stokke seier at tidlegare vaks det solblom også på ein tørr knaus mot aust som no er attvaksen av nyrenningar av or/bjørk.

Skjøtsel 2012

Ein starta skjøtselen i mai 2012 med hogst og rydding av ytterkantane av slåttemarka (sjå eigen rapport for 2012 med meir detaljar). Arealet blei rydda med motorsag, kantklippar og manuell arbeidsredskap. Veden i trea vart borene i strangar og trilla med trillebår i kubbar inn i låven til Dagny Stokke og skara i vedlad for bruk til vinterved. Kvistane blei lagt i haugar i utkanten av slåttemarka. Då arealet var blautt og veitene sårbare, så ein ingen grunn til å brukte traktor eller anna reiskap med stort marktrykk inn på slåttemarka. Dei mindre platanlønna inne i slåttemarka blei huggen. Dei store platanlønnene sør for slåttemarka blei ringbarka. Vidare blei fleire hagebusker fjerna.

Sjølve slåtten blei halden 21 juli. Denne skjedde i samarbeid med Gjemnes Ytre/Storlandet Grendalag ved Sissel Kamsvåg/ Madlen Behrendt. Invitasjon til dugnad blei utsendt av grendalaget og det vart stort oppmøte. Bygdefolket og feriegjestane i bygda stilte opp med gamle ljåar og det vart hesja to hesjar. Det var menneske av alle kjønn med aldersspenn frå 3 til 89 år. Slåttegrauten smaka godt og dagen var avslutta med dans på løegolv. Tørrhøyet vart teke ned i august og køyrt til ein nabo som såg nytta i dette fine vinterforet til sauene sine.



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

Avslutningsvis blei det i november rydda ekstra godt på dei tørre delane av slåttemarka og då spesielt på den staden det har vakse solblom tidlegare og der det er stort potensiale for nyetablering av solblom (sjå kart under).

Skjøtsel 2013

Hogst og slått

Forsommaren 2013 blei det hogd og rydda av ytterkantane av slåttemarka. Kvistane blei lagt i haugar i utkanten av slåttemarka. Dei ringbarka platanlønnene sør for slåttemarka blei gått etter.

Sjølv slåtten blei halden 20 juli. Slåtten var halden i samarbeid med Gjemnes Ytre/Storlandet Grendalag ved Sissel Kamsvåg/ Madlen Behrendt. Invitasjon til dugnad blei utsendt av grendalaget og det vart stort oppmøte av bygdefolket og feriegjestane med gamle ljåar. Øystein Folden frå Naturvernforbundet holdt ei lita orientering om naturtypen slåtteeng under ei lita pause i slåtten. Som i 2012 blei det satt opp 2 hesjer. Hesjetørka høy er så ettertrakta at det vart krevd loddtrekning mellom 4 tilstadesverande om kven som skulle få høyet. Ein «bersøying» trakk vinnarloddet etter rettvis trekning av lapp frå ei hue. Som i 2012 var slåtten på Stokke avslutta med slåttegraut, trekkspeldur (av Halåsen i år) og dans på løegolvet hos Dagny Stokke.

Grøfting

Nytt av året var planane om å prøve å gjere noko med det våte partiet av slåttemarka mot riksvegen. Slik me er blitt fortalt av grunneigaren Dagny Stokke med fleire er det kjørt med tunge traktorar med stort marktrykk i dei seinare åra på slåttemarka på Stokke. Lik store deler av dyrkjorda i Norge er nok også dette jordstykkjet blitt skada av jordpakking etter at ein begynte med traktor.

Det er vanskeleg å drenere pakkeskada jord. Grøftesystemet fungerer därleg og i ekstreme tilfeller kan jordstrukturen vere ødelagt heilt ned til grøftedybde. Det ein ser på Stokke er at det skjer ein tiltakande spreiing av knappsiv, eit klart teikn på at jordstrukturen er lite luftførande. Det er sannsynleg at ein har verknad både av at jorda er pakka og at ein del av steingrøftene har nedsett funksjon eller er øydelagde. Jordpakking er eit kjempeproblem, kanskje det største problemet for jordbruket på sikt, og innsikt i gamal grøftekunnskap og kva som skjer med jorda når det blir bruka tung reiskap er viktig å formidle.



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

Det me fann under leitinga på dei våte parti av marka saman med Dagny, var ei gamal veite (sjå blå stipla strek på kart under) som gjekk i retning det mest våte partiet. Dette var ei veite som far til Dagny laga antakeleg før siste verdskrig. Jfr naboar til Dagny var hennar far kjend for å lage gode grøfter og djupe (nok) grøfter.

Veita blei spadd opp i retning frå riksvegen mot attlega. Grøfta var om lag 80 cm djup med skråstilte flate steinar (20-40 cm lange) mot kantstein i botnen og så mindre steinar lagt oppå desse. Under gravinga fann me ingen brot på veita i form av knuste stein eller jordmasser som tetta. Med andre ord var steinveita inntakt og ikkje ihelkøyrd av til dømes ein traktor slik me ser det. Ved attlegging av veita blei dei same steinane lagt på dei same måten att. I tillegg la me mose oppå steinlaget før me la jordtorv med graset ned for å unngå jordrasing ned mot steinsettinga.

Tiltak 2014

Slått

Slåtten blei halden 19 juli. Slåtten var halden i samarbeid med Gjemnes Ytre/Storlandet Grendalag ved Sissel Kamsvåg. Invitasjon til dugnad blei utsendt av grendalaget og annonsert i bygdabladet (sjå vedlegg) som vanleg. Det vart stort oppmøte av bygdefolket og feriegjestane med gamle ljåar. Det vart satt opp ei hesje. Som i tidlegare år var slåtten på Stokke avslutta med slåttegraut, trekspeldur og dans på løegolvet hos Dagny Stokke.

Grøfting

Plana for året var å fortsette grøftearbeidet på det våte partiet av slåttemarka. Fortsette med å lage nye grøfter der me ikkje fann gamle grøfter. Ein starta med ei ny grøft nær den gamle som vart teken opp i 2013. Etter nokre meter fann ein ut at her låg grunnfjellet så høgt (om lag 40 cm) at dette kunne gjere at deler av området fanga vatnet inne. Den neste grøfta, den lengste av dei to nye grøftene, fekk me ikkje dette problemet. Oppskritta total lengde ny grøfter er 32 meter.

Veitene blei spadd opp i retning frå riksvegen mot attlega. Dei ligg no opne for å tørke ut i vinter slik at dei kan settast att til våren. Det er køyrt til flate steinar klar til dette. Grøfta er frå 40-80 cm djup og me tenkjer til våren å sette den att med skråstilte flate steinar (20-40 cm lange) mot kantstein i botnen og så mindre steinar lagt oppå desse. I tillegg vil me leggje mose oppå steinlaget før me legg jordtorv med graset ned for å unngå jordrasing ned mot steinsettinga (jfr Mads Langnes, Romsdalsmuseet).



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal


Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



Grøftearbeide på Stokke haust 2014



Kart – Solblom-lokalitet og våtparti (blåfarga) og oppteken grøft i 2013 (blå stipla strek) og 2014 (svarte strek)



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

Arbeide	Timar
19. juli, slått og oppsett av hesje (40 pers)	160
august, køyring av tørrhøy og nedtaking av hejser	4
7.nov., grøftearbeid, opptak av to nye grøfte	20
Vår 2015, attlegging av dei to nye grøftene	8
Totalt	192

Dei løvvde midlane (kr 15 000) vart nytta til følgjande;

Rekneskap	Beløp
Leige av areal av Dagny Stokke	1000
Tilskot Gjemnes ytre - slåttedag	5000
Innleige av arbeidshjelp til grøfting	7000
Kjøp av flate steinar til grøft	1000
Kjøp av utstyr/driftsutgifter	1000
Totalt	15000

Idear om tiltak 2015

Grendalaget er positivt innstilt til liknande slåttedagar i åra framover og har arbeidd inn slåtten i sin årskalender. Så slåtte-delen av dette prosjektet er så lokalt forankra at det verkar sjølvgåande.

Med fordel kan ein rydde meir av kantskogen slik at meir lys slepp i ytterkantane av slåttemarka. Så må ein hogge ned pilskogen som ikkje ljåen har nått tak i. Sivtuene bør klippast nedåt til våren før grasveksten startar.

Mykje av den flataste delen av slåttemarka er våt og det veks siv. I 2013 og 2014 har ein testa kva det vil seie å vedlikehalde og leggje ei tradisjonelt satt veite og kva dette inneber i ressursbruk. Det er logisk å først syte for at dreneringa er i orden før ein meiner for mykje om grad av jordpakking. Samstundes må ein seie at det er mogleg at effekten av denne grøftinga kan sjåast på vegetasjonen først etter fleire år.

Jordsmonnet på denne delen av enga har kraftige innslag av ganske omdanna myrjord som ofte vil gi eit fuktpreg med knapsiv/lyssiv som uungåeleg resultat. Grøftene me alt har teke opp reknar me som positivt i alle fall, men truleg har det ikkje mykje føre seg å grøfte særleg mykje meir.



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

FNF vil kome attende med ein konkret søknad om tilskot frå tilskotsordninga for utvalde naturtyper 2015.

Molde, 1 des. 2014

Ingbjørn Bredeli
FNF Møre og Romsdal



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal
Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE
Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no
Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



Informasjonsblad for ytre Gjemnes juni 2014

→ TEMA:

Sammen eller alene - hva nå Gjemnes Ytre?

Av Per Gimnes

HVA SKJER?

Gjemnes:

Grendahuset Fjordglatt:

- Tirsdagstreff - Sommerpausen
- St.Hans-firing Lørdag, 21. juni, kl 17:00. Gjemnesstrandforening tonner grillen. Velkommen!
- Pubkveld og Fårikåltest i september. Nærmere info kommer!
- Basar i oktober. Gerinster mottas med takk!



Bergsøya:

- Sykkeldag 15. juni - Startkontingent 50,- kr. Drikkesstasjoner rundt øya. Salg av mat og drikke i ungdomshuset som åpner kl 12. Prisutrekning.
- Fotballcup 13. juli - På ballsletta! Mer info kommer
- Quickveld 22. august - Korn & bli med på en moro kveld i ungdomshuset!



Storlandet:

→ For leie av grendahuset: ta kontakt med leder Kari Aamyrli Bø.

Kirke:

Fruktgudsstjeneste Søndag, 15.6. kl 12:00 på Ikonsetet. Ta med mat, grillen er tent. Velkommen!

Fakta Ytre Nytt

- Formål: Informasjonsblad for ytre Gjemnes
- Oppslaget: 280 → Årgang: 5 (siden 8/2010)
- Kontakt: Madan Behrendt, Røvka, 6633 Gjemnes, Tlf. 97177219, post@gjemnes-ytre.no
- Distribusjon: Frivillige ildsjeler
- Utgiver: Gjemnes Ytre, www.gjemnes-ytre.no, 6633 Gjemnes, post@gjemnes-ytre.no

Det idealistiske bygdeutviklingsprosjektet kalt Gjemnes Ytre, finansiert i tre år av More og Romsdal Fylkeskommune var nærmest nedleggelse på årsmøtet i mars. Pengene fra fylket tok slutt og nye finansieringskilder var ikke oppdaget, flere ildsjeler var «oppbrukt», nye frivillige var manglende. Kanskje hadde noen resultater uteblitt og forventningsverd ikke blitt innfridd.

Det er en krevende øvelse å holde liv i frivillige organisasjoner av alle slag i områder med spredd bosetting og så få innbyggere med så store avstander som vi har i ytre Gjemnes, og alle har kanskje ikkelivets rett. Å være ildsjel og stå i front som leder er også krevende. Den første entusiasmen når nye tiltak tar form, er sjeldent av varig karakter hos flertallet, og manglende entusiasme og tilbakemeldinger, kjøler lett ned glæden hos ildsjelene. Med dette i

fokus er det naturlig å spørre seg om Gjemnes Ytre er berettiget til et fortsatt liv. Det er oppnådd resultater i de årene Ytre har eksistert, men det siste året har det kanskje ikke vært nøy fellesprosjekt for de tre bygdene som fikk så stor oppmerksomhet. Kanskje har gamle tanker om å arbeide for «egen» bygd igjen fått overtalet.

Det er enkelt å nevne nye prosjekter til felles beste for Ytre som kyststø, kommunenesammenslutning, lokale konsekvenser ved eventuell plassering av sykehús på Gjemnes, og flere vil komme.

Dersom Gjemnes Ytre ikke overlever vil det ta årevis for noen eventuelt igjen vil organisere et lignende eller bedre samarbeidsforum. Dersom Gjemnes Ytre skal overleve og fortsatt være en samleende kraft - er det avhengig av din, og alle andres interesse, engasjement, deltagelse, tilbakemelding og aktive støtte.



→ STORLANDET:

Slåttadag 19. juli

Tekst og foto: Madan Behrendt

Lørdag, 19. juli 2014 (alternativ 26. juli mht værførhold) arrangerer Gjemnes Ytre på vegne av Forum for Natur og Friuliv More og Romsdal SLÅTTADAGEN på Grønset på Storlandet. Inntekten vi får for dette oppdraget skal gå til videreføring og finansiering av Ytre Nytt. Ferdig tørket hay skal loddes ut blant dem som er med på slåtten denne dagen.

Program: Oppsett av staur og hesjer, slåing, oppstilling av teknikk, hoyhopping, trekkspillere spiller opp til arbeid og dans i løa. Servering av rommegrøt og saft (etter utført arbeid!). Hjertelig velkommen!

19. juli • kl 11 • Grønset på Storlandet

mb
FOTO: MADAN BEHRENDT



<http://www.facebook.com/GjemnesYtre>

Utdrag frå «Informasjonsbladet til ytre Gjemnes» juni 2014



Forum For Natur og Friulftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no